Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Transport av høy.

Oppskr. av: WILHELM KVALHEIM LEKTOR

(adresse): VOLDA

Fylke: Sogn og Fjordane,

Herad: { Selje / Vågsøy

Bygdelag:

Gard:

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja. (fødd 1877)

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Selje prestegjeld er no 3 kommunar:
Selje, Nord-Vågsøy og Sør-Vågsøy (Måløy).
Men prestegjeldet utgjer ei kulturell
eining. Berre bygdeuttalen kan
ymse noko (nai, nei, nėj).

I prestegjeldet finst ingen sætrar.
Utanfor sjølve garden er det berre
i Hoddevik på Stad der har ut-
slåttar, oppe i fjellsidene.

1. Skilnaden går etter om gardane
er brattlendte eller flate, i Selje etter
små og store gardar. På bratt-
lendte gardar ber ein høyet. På
flate gardar, når ein har hest,
køyrer dei høyet i hus frå enga.
I Hoddevika ~~[illegible]~~ driv ein framleis
utslått („bergeslått") oppe i
„berga" (fjellsidene), der dei har
kvar sine teigar. Dette driv dei
med etter at det andre høyet (på
heimemarka) er kome i hus.

2. Er det lang veg, og brattlendt,

131

nyttar dei i Hoddenika <u>meis</u>, og trillar det med bakkaren („gjer det <u>åv</u>") og ned til sjøen (og derfrå med båt) eller med på flåtg (og derfrå med vogn). (Slae ūrkjend ūtmed havet. Her finst ikkje skog til det). <u>Meisa</u> var som ein stor poxe ~~av~~ av snöre, med store maskar som eit stavbunde garn.
Løypestreng nyttas eiso berre til brennbarv. Kom i bruk i 1880=åra.
<u>No</u> brukar ein mest både trillebår, handvogn og berebåre for „råhøy" (vått gras) attåt hesjane. Men dette er frå dette hundreåret. Derimot å køyra med hest attåt hesjane og inn i løda, gamalt.

Dei som ikkje hadde hest, og elles <u>alle</u> der det var bratt, <u>bar</u> høyet. Bar råhøyet attåt hesjane, og bar ~~ba~~ turrhøyet inn i løda. (Utløde finst mest ikkje, borde brukar heller smed, og ingen zohtrar).

I børatøget var ei <u>hövd</u>, anten heilarbeidd av eit tre-stykke, eller tillbøygd av <u>eine</u>.




Ein kara ikop so mykje høy som ein kunne skapleg lyfta og legge tvers over børatøget. Dette



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

kalla ein „å fengje" (eller „kjembe"), og eit slikt fang høy, kalla ein „eit fengje" (eller „eit kjämbe"). Var det lang veg og mykje bakke, la vi 4 kjembee i „ei børe", elles var det 5 for ein vaksen kar. Som undantak 6. Ein måtte leggja fengja i „forbant".




So tredde ein båe partane av toget gjennom hovda og drog til „gjåra børa". Den som skulle bera sto framanfor børa (med fengje 1 og 3). Var han åleine, drog han til av all makt og stødde børa med knea, og kom gjekk med fengje 5 og 4, so børa vart langstrakt. Var ein tvo, hala dei i kvar ~~sitt~~ sin part av toget.

Beraren sette seg so ned, slakka av eine tog-parten og slakk armen imillom og drog til. Deretter sameleis andre parten. Drog so til båe partane over eine herda. Den andre lette so i børa attanfrå, so beraren fekk reisa seg, fyrst på kne og so heilt opp. Men var beraren åleine laut han reisa seg åleine. Var det ein bakke, var det ikkje so vanskeleg. Ein gjorde ein rykk attover, og so framover. Men var det flatt, var det verre. Men

131

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

mange var flinke til det. Det galdt å ha ~~...~~ lungene fulle av luft når ein rykte til, so lufta danna ei pute. Ellers kunne ein få krakk. — Beraren heldt heile tida i toget, som var opphespa i handa. I løda let ein båra gå attover. So drog ein toget av handa, og tok so i handa og drog toget ut.

I Stryn såg eg at dei hadde halde eine armen fast under båra. Eg såg og at når dei hadde „gjåra" båra, sette dei toget fast ved å surra det om endane på handa. So laga dei ei lykkje som dei stakk olbogen inni, so dei heldt båra oppe på ryggen. Men dette var ukjent ute med havet.

3. Som før nemnt vart høyet bore eller køyrt inn i løda etter kvart det vart turt.

4. ~~No brukar dei~~ har bruka ~~...~~ vogn (som dei kallar „høysledå" eller høy-vogn"  , og høyet vert „gjåra" fast med ei „tong" over



lasset. I Volda kallar dei toget dei gjårar med, tongsim. Denne vogna var også nytta til å køyra inn korn.

No brukar dei „karg", ei stor



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

 

grind. Uppi den kastar dei höyet
med gaffel og "gjärai" skyje.
Berre éin hest for allslag köy-
reyrsle og plog.

Men fär dei byrja med vogn,
bruka dei slede med meiar
til å köyra inn höy. Köyrde
altså over markane. Det kan
og alder sett. Men det er for-
talt at fastemannen nede
der heime (död 1876) köyrde höy
på slede langs dei bratte bakkane,
og velte rett som det var. "Na
har han Olaje velte att! Vi må
stad og hjelpa han", sa dei". Faret
etter sleden hans synte endå
i min barndom – eit slag
veg eller får etter meiane. Elles
bar dei der i bygda alt höyet,
og lo åt han Olaje. Han
var innflytta og hadde lært
andre skikkar.

5. Fellesslått med kyrting av
höyet hjemmen og skyte til.
Men at dei bytter slåttemarka
ved å mala opp etter kvart
dei slar, og alle slar på ein
gang – sjå artikkelen under
i "Lyng og Segn" 1945.

Meir veit eg ikkje om dette.

Wille Kvalheim

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY

131